

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-M10, FE-202, TI-&01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 16.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/22	Alver kommunestyre	24.02.2022

## Avtale mellom Alver kommune og Equinor Refining DA

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtek kostnads- og risikofordeling der Alver kommune og Equinor refining DA deler prosjektkostnadene etter fordelinga i intensjonsavtalen (Alver 40%, Equinor 60%). Risikofordelinga føl intensjonsavtalen opp til 130% av prosjektkostnaden. For kostnader ut over 130% ber Alver kommune risikoen åleine»

### Alver kommunestyre 24.02.2022:

#### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### KO- 022/22 Vedtak:

«Kommunestyret vedtek kostnads- og risikofordeling der Alver kommune og Equinor refining DA deler prosjektkostnadene etter fordelinga i intensjonsavtalen (Alver 40%, Equinor 60%). Risikofordelinga føl intensjonsavtalen opp til 130% av prosjektkostnaden. For kostnader ut over 130% ber Alver kommune risikoen åleine»

#### Politisk handsaming

Saka har vore orientert om i lukka sak i formannskapet 10.02.22

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Bakgrunn:

Det har over fleire år vore planlagt eit investeringsprosjekt for sikring av vassforsyning til industriområdet på Mongstad og drikkevatt for området nord i tidlegare Lindås kommune. Prosjektet har vore planlagt som eit samarbeid mellom kommunen og Equinor då begge partar har behov for sikker vassforsyning med god kapasitet. Prosjektet omhandlar overføring av vatn frå vasskjeldene Eidsvatn, Austevatn, Langavatn, og Tykkhellevatn til Sjursetvatn. Prosjektet krev konsesjon frå NVE. Denne er gjeve Lindås/Alver kommune med frist for oppstart innan 8. mars 2022. Alver kommune er byggherre for arbeida.

I oktober 2021 vart det vedteken ei intensjonsavtale mellom partane Alver kommune og Equinor. Intensjonsavtala gav overordna føringar for kostnadsfordeling og risikofordeling i prosjektet. Det vart gjennom avtalen lagt til grunn ei 40/60-fordeling av både risiko og kostnader ut frå partane sine behov for vatn. Alver kommune ber 40 % av kostnader og tilsvarande del av risikoen i prosjektet.

I desember 2021 var avtale om den same fordelinga av kostnader og risiko oppe til handsaming i kommunestyret i Alver. Ein hadde pr desember ikkje nøyaktige kostnader for arbeida, men presenterte kalkyla som var utarbeidd gjennom prosjekteringsfasen. Kalkyla viste ei totalramme på 111 mill nok eks mva. I tillegg vart det rekna ein usikkerhet på 15%. Det vart lagt opp til at dei nøyaktige kostnadene for prosjektet skulle presenterast for kommunestyret etter at anbodskonkurransen var halden.

Konkurransegrunnlaget for arbeida var under utarbeiding hausten 2021 og vart lagt ut på anbod på Doffin og TED på nyåret 2022. Tilbudsfristen vart sett til 25. februar 2022.

#### Saksopplysninger:


Equinor Refining DA tok kontakt med Alver kommune medio desember 2021 for ei ytterlegare forhandling vedrørande risikofordeling i prosjektet. Equinor orienterte i eige møte i januar 2022 om manglande lønsemd over tid og eit krevande marked for raffineriet. Det vart vist til at prosjektet for industrivassforsyning har gått over 12 år og raffineriet sine behov og investeringsperspektiv har endra seg med tida. Equinor Mongstad la fram at dei treng redusere risiko med tanke på kostnadsoverskridingar. Det vart lagt fram tre ulike modellar for handtering av kostnader og risiko.

Alver kommune meldte tilbake at ei endring i dei økonomiske føresetnadene i forhold til intensjonsavtalen må handsamast politisk. Delar av prosjektet var sett i gang og det var seint å gjere endringar i vilkår pr no. Alver ville likevel vurdere modellane og risikobildet i prosjektet.

Alver kommune kjenner prosjektgrunnlaget godt og har vore gjennom fleire omprosjekteringar hausten 2021 der ein har redusert risiko i prosjektet. ¼ av prosjektet er planlagt som sjøledning der ein kjenner botntilhøva. Ein ser liten risiko med denne delen av prosjektet. På land har ein i størst mulig grad unngått trasear med kjente utfordringar som nærleik til veg, kulturminne, naturverdiar mv. Erfaringsmessig er det umogeleg å eliminere all risiko i eit byggeprosjekt. Administrasjonen meiner likevel at dette prosjektet er godt utgreidd og ein har god kjennskap til område der det er risiko for å støte på uføresette tilhøve eller at arbeidsomfanget vert større enn rekna med. Ved å legge til grunn ei usikkerheit på 30% i prosjektet vil ein ta høgde for dette.

Administrasjonen rår til at ein i dei vidare forhandlingane med Equinor kan gå inn på modellen som er vist som «Cap Equinor Cost» under. Dei andre modellane kan ikkje overførast til Alver då vi reknar prosjektkostnader og usikkerheit på ein annan måte enn Equinor tek utgangspunkt i her. For modellen vist som «Cap Equinor Cost» vil ein dele risiko og kostnader ut frå intensjonsavtalen opp til og med 30% overskriding.

Kostnader ut over dette vil Alver bere åleine.



**Forenkla kostnadsoppsett som vert lagt til grunn for risikofordelinga:**

Kostnadsestimat utbyggingsprosjekt	133 mill
Interne kostnader Eq	2 mill
Manglande forskuttert beløp Eq	3 mill
<b>Total investering</b>	<b>138 mill</b>

**Vurdering:**

Prosjektet er godt utgreidd og administrasjonen ser det som viktig at prosjektet vert sett i gang og bygd ut med dei dimensjonane som er lagt til grunn. For Alver kommune vil dette ha stor betydning for vassforsyning, reservevassforsyning og næringsutvikling i nordre del av kommunen. Ved ei nedskalering av prosjektet (mindre rør- og pumpedimensjonar) vil det vere krevjande å auke dimensjoneringa på eit seinare tidspunkt. Dette gjeld både knytt til arbeidsomfang og kostnader. Det vil også vere knytt usikkerheit til om ein kan få innvilga konsesjon på nytt dersom ein ikkje nyttar denne no.